

Lindås kommune
Planavdelinga

Att. Christian Reinshol/ Kristin Nielsen

Bergen, 22.09.2016

Side | 1

NOTAT TIL SAKSHANDSAMING AV REGULERINGSPLAN FOR HOSØYVEGEN SMÅBÅTHAMN ETTER HØYRING.

Det vert vist til merknadsmøte 20.09.2016 mellom planavdelinga, tiltakshavar og plankonsulent. Vi ynskjer å fremje forslag til rekkefølgekrav for å imøtekomme vedtaket i planutvalet og planavdelinga si innstilling til planeringsnivå i reguleringsplanen for Hosøyvegen småbåthamn. Det vert vist til merknad frå Ard arealplan oppsummert under, samt dialogen med kommunen.

Forslag til nytt rekkefølgekrav:

- 1.3.2 SPP skal vere sikra opparbeidd på minimum k+1,8 før det vert gjeve igangsettingsløyve til tiltak i planen. Opparbeidinga skal skje samtidig som Hosøyvegen vert heva til tilsvarande kote.

Forslag til endringar i føresegnene:

- 2.1.9 BBS skal planerast på minimum k+1,3. Bygg skal sikrast mot stormflaum og havstigning opp til minimum k+1,8. Trebygger kan etablerast lågare for å sikre enkel tilkomst frå sjø.
- 3.3.10 SPP skal planerast på minimum k+1,3, eller som i § 1.3.2.

Med beste helsing



Jan Espen Vik
Dagleg leiar · By- og regionplanleggar
Tlf. 975 83 416

OPPSUMMERING AV MERKNADAR ETTER HØYRING:

Nr	Avsendar	Dato
	Offentlige instansar	
1	Bergen og omland Havnevesen	18.07.2016
2	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	29.07.2016
3	Fylkesmannen i Hordaland	22.08.2016
	Private	
4	Kari Britt Sæverås	20.08.2016
5	Anders T. Veland	24.08.2016
6	Ard arealplan as	24.08.2016
7	Turid og Asle Henriksbø	25.08.2016

Bergen og omland Havnevesen (BOH), 18.07.2016

- a) Presiserer at det er viktig å setje av tilstrekkeleg areal til alminneleg ferdsel til sjøs. Minner vidare om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke sikkerheita eller framkomsten i sjøområdet krev tillating frå BOH.

Planleggars kommentar:

- a) Dette er allereie sikra i føresegna.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 29.07.2016

- a) Har ingen merknader til planframlegget.

Planleggars kommentar:

- a) Tatt til følgje.

Fylkesmannen i Hordaland, 22.08.2016

- a) Har ingen nye merknader til framlegget.

Planleggars kommentar:

- a) Tatt til følgje.

Kari Britt Sæverås, 20.08.2016

- a) Er kritisk til skur og bod med oppbevaringsmoglegheiter for garn, fiskereiskapar, kjemikalier osv. Meiner dette vil føre til at planens omfang blir større enn det som ble presentert som planens intensjon. Frykter stor aktivitet og forsøpling i form av forureining og støy. Meiner plassering av bod er for lite presisert i føresegna. Boden vil svekke eigedommen deira si utsikt. Foreslår å fjerne føresegn som opnar for å etablere skur, og redusere det til etablering av en reiskapsbu med avgrensing i høgde og fotavtrykk (grunnflate), og spesifisert plassering.
- b) Stiller seg uforståande til kravet om to avfallscontainere. Meiner dette vil skjemme strandsonen.
- c) Ser ikkje behov for etablering av toalettfasiliteter med eige reinseanlegg. Meiner dette vil føre til luktplager og tilgrising.
- d) Meiner heving av kaiområdet til kote +1,8 er basert på ei feil bruk og tolking av retningslinjer for handtering av framtidig havnivå-auking. En heving av landområdet vil svekke eigedommen deira si utsikt.
- e) Meiner at ein bør utarbeide støyvurdering, med tanke på trafikkauke. Meiner kravet til parkeringsanlegget er altfor høgt og vil generere unødvendig mykje støy og trafikk.
- f) Påpeker at dokumentasjon av botn/grunnforhold er svak og at illustrasjon av utfyllinga er mangelfull. Frykter at utfyllingane vil forhindre framkomst og redusere sikkerheit i området.

Ber om at det blir utarbeidet betre illustrasjonar over tiltakets omfang under vatn. Ber kommunen legge dette til i argumentlista mot størrelsen på tiltaket.

- g) Spør om planen har utredet fuglelivet godt nok. Meiner tiltaket vil påverke dyre- og fiskelivet meir enn kva som er skildra i planomtalen.

Planleggars kommentar:

- a) *Vi meiner at det er godt sikra i føresegnene at dette vert mindre bygg som ikkje vil vere til større sjenanse for området. Det er sikra at utforminga har saltak og berre éin etasje, samt at arealet samla ikkje skal vere meir enn 70kvm. Skur og reiskapsbu meiner vi er same ting.*
- b) *Dette er krav som er stilt for å halde orden i området og verke mot forsøpling.*
- c) *Vi kan ikkje sjå at etableringa av toalett vil føre med seg luktplager og tilgrising, og meiner det vil vere til fordel for alle brukarane og naboar av planområdet at det vert lagt til rette for dette.*
- d) *Planleggar er einig i dette.*
- e) *Ikkje tatt til følge. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å krevje ein støyanalyse i planarbeidet.*
- f) *Dette må gjerast i byggesøknad. Botnforholda er kartlagt av båtforeninga med dykkar, og dei er gode i høve til planen.*
- g) *Fuglelivet er skildra i planskildringa med utgangspunkt i observasjonar og kjelder som Artsdatabanken. Det har ikkje kome merknadar knytt til dette for overordna mynde. ROS-analyse har omtala at tiltaket vil ha verknad på habitatet, men ikkje av vesentleg karakter som ikkje kan utbetrast over tid.*

Anders T. Veland, 24.08.2016

- a) *Viser til at det tidvis er mykje trafikk i Busundet. Meiner at det ved en ny båthamn med 75 båtar vil føre til behov for regulering av fart med skilt og påbod om sakte fart.*
- b) *Meiner at framstillinga av noverande trafikkbilete i planskildringa er feil. Påpeikar at trafikken til Hosøy består av mykje uregulert trafikk frå fritidsbustader samt trafikk generert av dei 25 fastbuande.*
- c) *Viser til punkt 9.8 i planskildringa, meiner ein bør gje ein fråråding frå å bade i sjøen med 75 nye båtar i tillegg til dei 20-30 eksisterande.*

Planleggars kommentar:

- a) *Skilting av påbod om sakte fart vil vere ei vurdering som kan gjerast når planen er realisert, og ikkje del av reguleringsplanarbeidet.*
- b) *Nyansane i skildringa av trafikkbiletet, vil ikkje vere avgjerande for plangrepa slik dei er foreslått.*
- c) *Bading for nær småbåthamna må sjølvstøtt frårådest, men deler av anlegget kan likevel vise seg eigna for bading og anna friluftsliv. Tiltaket vil òg kunne ha verknad på båttrafikken mellom Hosøyvegen og Storholmen/Langholmen, da fleire vil ha båt på nordsida enn tidlegare.*

Turid og Asle Henriksbø, 28.08.2016

- a) *Påpeiker at planforslaget har auka i omfang frå den opphavlege intensjonen. Visar til at det er trong for å få småbåthamna realisert, men fryktar at mange vil trekkje seg frå prosjektet på grunn av at det er blitt for stort og omfattande. Foreslår følgjande: Redusere parkeringsplassar. Parkeringsplassar kan etablerast på begge sider av veggen ved Hosøybroen.*
- b) *Ser ikkje trong for skur og boder for oppbevaring av garn, reiskapar og kjemikalier. Dette oppbevarer den enkelte privat.*
- c) *Ser lite nytte av avfallscontainer og restavfallscontainer. Dette kan plasserast ved parkeringsplasser ved Hosøybroen.*

- d) Ueinig i høgde på kaiområde. Meiner veg og kaianlegg kan hevast ved framtidig auke av havnivå.

Planleggars kommentar:

- a) *Antal parkeringsplassar er styrt av gjeldande kommuneplan. Det vil vere lite teneleg å redusere antal parkeringsplassar, da det kan føre til uregulert parkering td. på fyllinga.*
- b) *Det vil vere gunstig om det finst moglegheiter for oppbevaring av utstyr i avgrensa omfang tett på småbåthamna.*
- c) *Plasseringa av avfallskonteinrar bør liggje tett til småbåthamna slik at dei er lett tilgjengelege for brukarane.*
- d) *Planleggjar er samd i dette synet.*

Ard arealplan, 24.08.2016

Plankonsulenten viser til endringane som vart gjort i planen for å imøtekomme vedtaket slik at planen kunne verta lagt ut.

Meiner småbåthamna bør liggje på om lag same høgde som Hosøyvegen av følgjande grunnar:

- a) Ein småbåthamn som ruver 0,54m over dagens veg og 1,80 m over dagens havnivå vil vere eit stort inngrep i landskapsbilete. Dette vil gje negative konsekvensar for hytteeigarar og andre med utsyn til småbåthamna.
- b) Det vil bu på utfordringar med køyretilkomst frå Hosøyvegen og opp på småbåthamna. Dette vil krevje ein rampe på minimum 5 m for at køyretøy skal kome seg frem, gjeld særleg køyretøy med båttilhengarar. Ein rampe vil krevje at meir areal vert utfylt i sjø, dette går imot ynskje frå Fylkesmannen i Hordaland om at utfyllinga i sjø ikkje vert meir omfattande enn naudsynt.
- c) Ved havnivåstigning til over kote +1,26 m vil Hosøyvegen ligge under havnivå og småbåthamna vil mangle vegtilknytning. Ingen er tent med ein parkeringsplass som ligg ute i fjorden utan vegtilknytning. Viser til at berekna havnivåstigning ved 100 års stormflo er avgrensa enkelthendingar som kan inntreffe i framtida, med midlertidig flaum på areala. Påpeiker vidare at dei gongane sikring mot stormflo etc. er ein viktig problemstilling, er når det kan råka bustader eller faste installasjonar av verdi.

Plankonsulent og tiltakshavar ynskjer på bakgrunn av desse argumenta å fjerna § 2.1.9 og § 3.3.10 til 2. gongs handsaming i planen.